**Øystese sokneråd**
**5610 Øystese**
**Sakliste, Øystese Sokneråd**

**Stad: Øystese kyrkje**
Dato: 06.06.2023
Tid: kl. 19.00 - 21.00
Soknerådsmøta er opne.

| **Dato**: 6. juni 2023 |
|---|
| **Innkalla** :<br>Roar Strømme, Marita Dalatun, Kjell Dysvik, Erna Haltvik,<br>Jan Hellingsrud, Edel Huse, Bente Helen Rykkje Jordalen,<br>Eli Skaar Kvarv, Mari Laupsa, Astrid Lunestad, Oddvar Ulltang, Ruben Øystese, Sveinung Lid Aalvik, Therese Rykkje Aalvik |
| Ikkje til stades: Edel, Mari |

| NR: | SAKER: | MERKNADER: |
|---|---|---|
| 1. | Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen | Referatet: Roar og Arne er hyra som prestar fram til oktober, i referatet stod det berre Roar. Elles er referatet godkjent.<br>Innkalling godkjent. |
| INFO | Innkomen post, økonomi, mm | - Rekruttering til soknepreststillinga – status, utlysing – utlysing etter sommaren, håpar på tilsetjing i løpet av hausten. Det vert litt ekstra kabal i haust då Vetle skal vera vekke frå jobben heile september, og Arne skal ha litt mindre enn han har hatt no. Soknerådet vender seg til bispedømet med bekymring for rekrutteringa til prestestillinga.<br>- Offerlista, justering 28.5. Frelsesarmeen var på besøk og fekk offeret denne dagen.<br>- Bruk av oppslagstavla, praktiske avtaler her.. Kalender, konsertar og liknande skal opplysast om her. Kan kyrkjetenar ta denne jobben?<br>- Arbeid med føremiddagstreffet, møter og planer..? Neste føremiddagstreff er i september, annakvar gong i Norheimsund og Øystese. Eli Kvarv og Kirsten Melstveit er representantar frå Øystese sokneråd. |
| 2. | Soknerådsval 2023 | Vedtak om supplerande nominasjon – Olav Skeie Lid ordnar med kunngjering om supplering og me kan koma med supplerande namn til soknerådsvalet. Kjell klarerer dette med Olav kva som er beste framgangsmåten. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Signering av vår valliste - OK<br><br>Ansvarlege på valdagen 11.9.– Me lagar ei liste på soknerådsmøte 5. september. Oddvar tar ansvar. |
| 3. | Oppfølging av kyrkjemusikalsk plan – bruk av klokkarmidlar, planlegging av ungdomsgudstenenester | Soknerådet ynskjer å involvera Ungdomskoret på ei ungdomsgudsteneste i året.<br>Me ynskjer å omdisponera litt korleis klokkarpengane vert fordelt, slik at me kan setja av litt meir pengar til kyrkjemusikalsk plan og kyrkjelydsarbeid.<br><br>Vedtak: Soknerådet har drøfta omdisponering av klokkarmidlane, som har representert ei inntekt til soknerådet på 40.000 eller meir dei siste åra. Desse midlane har gått til Øystese og Norheimsund ungdomskor, i sin heilskap. Heretter skal 20.000 pr år gjevast til ungdomskorarbeidet, 5000 til Øystese indremisjon for bruk av bedehuset , dei resterande klokkarmidlane disponerer soknerådet.<br>Dette vedtaket er ei oppfølging av saka om kyrkjemusikalsk plan, der vi tidlegare har vedteke at kr 5000 pr år skal gå til honorar og godtgjerdsle til (unge) musikarar. Denne summen vert auka til 10.000 pr år. Det vert også sett av inntil 10.000 til særskilte konsertarrangement (jamfør kyrkjemusikalsk plan). Midlane vert disponert av kantor/kyrkjemusikar. |
| 4. | Kvalitetssikring av oppgåver juli, august og vidare | Friluftsgudstenester- opplegg – dato – (20.8. eller 3.9??..)<br><br>Vi går får friluftsgudsteneste på Fete i Fitjadalen 20.08. Ruben spør om løyve. Oddvar og Kjell er kyrkjervertar. Kjell kan også vere med å spele. Sevinj er oppsett som organist. Roar er prest.<br><br>Vi vurderte å ha gudstenesta på Hyrting, men såg vanskar med parkering og truelg problem med å få løyve her.<br><br>Neste soknerådsmøte 5.9., 3.10., 7.11., 5.12<br><br>Kyrkjervertar:<br>Kjell og Oddvar 20.8.<br>Jan og Erna 3.9.<br>Bente Helen og Therese 17.9.<br>Marita og Oddvar 1.10.<br>Edel og Sveinung 15.10<br>Mari og Bente Helen 29.10<br>Astri og Ruben 5.11 |

| | | |
|---|---|---|
| | | Jan og Erna 19.11<br>Eli og Marita 10.12 |
| | Eventuelt | Helga Almenning er klar som klokkar frå hausten av. |
| | | Møtet vert avslutta med Vår far |